

Stord Airshow på Stord Lufthamn, laurdag 13. juni.

21.01.2020



6 stk. jetfly av typen Aero L-39, Albatross.

Stord lufthamn markerer 35 års jubileum med å arrangera Stord Airshow 2020, laurdag 13. juni. I den anledning er det med stor glede me no kan annonsera at det Latviske oppvisningsteamet «The Baltic Bees» kjem til Stord Airshow 2020. Jan Morten Myklebust frå Uskedalen er lufthamnsjef på Sørstokken.

Teamet vart danna i 2008, og flyr i dag 6 jetfly av typen Aero L-39 Albatross, frå sin base ved Jūrmala lufthamn i Latvia. Baltic Bees har etablert seg som eit profesjonelt team som er anerkjent på airshow både i Europa og ute i resten av verda. Ved slutten av 2019 turnerte dei mellom anna på flystemne i Kina.

Flytypen L-39 vart utvikla i det tidlegare Tsjekkoslovakia og vert nytta som treningsfly over heile verda. Det har to seter og vert rekna som eit trygt og stabilt treningsfly, for flygarar som seinare skal ta steget opp for å fly jagarfly.



Teamet frå Baltic Bees vil mellom anna driva med formasjonsflyging.

The Baltic Bees flyg oppvisning med tette formasjonar med sine 6 fly, men innslaga deira består i tillegg av tandem- og solo oppvisning. Publikum får dermed sjå eit variert program med presisjonsflyging og halsbrekkande manøvrer.

Teamet har aldri flydd oppvisning i Noreg tidlegare, så oppvisninga på Stord Airshow blir som ein noregspremiere å rekne. Eit så stort og spektakulært innslag er no kome aldri før har sett på Stord, så me vil tru det blir ei flott oppleving for dei oppmøtte.

Lufthamna jobbar med å få på plass andre spanande innslag til flystemnet, og ser fram til å annonsera desse etter kvart.

Om alt går etter planen blir Stord Airshow 2020 utan tvil det største arrangementet i lufthamna si historie.

Meir informasjon om arrangementet finn ein på www.stordairshow.no og vårt facebook arrangement «Stord Airshow 2020».

Billettar til Stord Airshow vert å få kjøpa på nettsida frå fredag 24. januar 2020.

Tekst: Presemelding

Foto: The Baltic Bees / Jörgen Nilsson

Nett: Kristian Bringedal